



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/725-5

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval Kommunestyre	05.11.2024	41/24

Søknad om driftsmidler til Eidsborg grendehus

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Eidsborg ungdomslag SØKNAD.docx
- 2 Planlagt arbeid på og ved Eidsborg grendehus i 2024.docx
- 3 Budsjettall EUL 2023-24.xlsx


Bakgrunn for saka

Styret ved Eidsborg grendehus søker Tokke kommune om auke i det årlege tilskotet til Eidsborg grendehus. Pr. dags dato er tilskotet på 54 500 kr i året. Driftskostnadane til grendehuset er estimert til 101 000 kr i 2024.

Saksutgreiing

Dei siste 20 åra har det faste driftstilskotet til Eidsborg grendehus vore justert to gonger. Frå 2007 til 2008 gjekk tilskotet frå 32 500 kr til 53 500 kr. Frå 2014 til 2015 auka tilskotet frå 53 500 til 54 500 kr.

Budsjettet til grendelaget syner at dei største utgiftene er straum og forsikring. Budsjettet til grendelaget syner og at det er planlagt noko nødvendig vedlikehald i 2024.



Modellen syner tilskotet samanlikna med utviklinga av konsumprisindeksen dei siste 20 åra.

Tilskotet til Eidsborg grendehus er ikkje indeksregulert, som ein kan sjå i modellen er tilskotet grendelaget får i 2024 tilsvarande tilskotet dei fekk i 2004. Ved indeksregulering av nytt tilskot i 2008 ville tilskotet være på 81 283 kr i 2024, ved indeksregulering i 2015 ville tilskotet vært på 72 866 kr i 2024.

Av andre grendehus som kommunen ikkje eig er det Austheii grendehus og Mo grendehus som får eit fast årleg tilskot – Austheii har 31 000 kr i årleg tilskot, Mo 54 500 kr i årleg tilskot.

Grendehuset skal fungere som eit samlingspunkt for dei som bur i grenda, om driftsutgiftene ved bygget blir for høge kan ein risikere at drifta av grendehuset blir avvikla og bygda mistar eit samlingspunkt.

Styret ved Eidsborg grendehus har varsla om at det og kjem ein søknad på oppgradering ved grendehuset, blant anna til ny varmepumpe og noko oppgradering ved kjøkkenet. Det er førespegla kostnad på omkring 90 000. Dette kan gje grendehuset reduserte straumkostnadar.

I budsjettprosessen Tokke kommune er i no er det lite spelerom for å auke faste årlege utgifter på kulturfeltet. Dette gjer at ein førebels ikkje kan tilråde ei auke i driftstilskotet til drifta av Eidsborg grendehus.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune aukar ikkje driftstøtta til Eidsborg grendehus.